




KVA SKJER I BYGLAND? – MARS 2020

	ARRANGØR; STAD	TID	ARRANGEMENT
torsdag 05.03.	Bygland frivilligsentral	kl. 18.00	Strikkecafé
	Bjoren Brygge	kl. 19.00	Quiz
måndag 09.03.	Gamle stasjonsbygning, Byglandsfjord	Kl. 19.00	Folkemøte Nytt liv i stasjonsområdet
tysdag 10.03.	Bygland frivilligsentral	kl. 16.30	Bygdemiddag
	Bygland barnehage	kl. 10.30	Barnehagedagen 2020
onsdag 11.03.	Bygland kyrkjeråd; Vonheim bedehus	kl. 14.30	Konfirmantundervisning
	Bygland Jakt/Fiskarlag; Brygga	kl. 18.00	Kveld for barn med interesse i jakt, fiske og skyting
torsdag 12.03.	Bygland frivilligsentral	kl. 18.00	Spelekveld
	Setesdal Regionråd / UiA; Dølen hotell, Evje	kl. 17.30	Nettverksmøte bedriftsøkonomi og samskaping
laurdag 14.03.	Bygland frivilligsentral; Byglandshallen	kl. 18.30	Laurdagsklubb – denne gongen i Byglandshallen
sundag 15.03.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 14.00	Gudsteneste
onsdag 18.03.	Bygland kyrkjeråd; Hornnes kyrkje	kl. 17.00	Konfirmantundervisning Evje og Hornnes og Bygland
torsdag 19.03.	Bygland frivilligsentral	kl. 18.00	Strikkecafé
torsdag 20.02.	Byglandsheimen	kl. 14.00	Andakt
tysdag 24.03.	Bygland frivilligsentral	kl. 16.30	Bygdemiddag
onsdag 25.03.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 17.30	Fremad
		kl. 19.30	Torden
	Bygland kyrkjeråd; Vonheim bedehus	kl. 14.30	Konfirmantundervisning
torsdag 26.03.	Bygland frivilligsentral	kl. 18.00	Spelekveld
laurdag 28.03.	Bygland filmklubb; Bygland ungdomshuset	kl. 19.00	Grease (1978); etterpå dans og servering; kom i Grease-kostyme
sundag 29.03.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 11.00	Gudsteneste
måndag 30.03.	Bygdekvinnelag; Åraksbø grendehus	kl. 17.00	Hardangarlefsekurs; påmelding Solfrid tlf. 90649462 innan 27.03.
tysdag 31.03.	Byglandsheimen	kl. 14.00	Andakt

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117



Byglandsnytt nr.7 – mars 2020

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 1. april - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 27.03.
 Bygland kommune si heimeside er: www.bygland.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn

Formannskapet: 25.03. kl 13.00 – Plan, miljø og ressursutvalet: 24.03. kl 09.00 –
 Rådet for eldre og funksjonshemma: 23.03. kl. 12.00 –
 Ungdomsrådet: 23.03. kl. 15.00

Ver klar over at møteplanen kan bli endra.

Høyringer og offentleg ettersyn (med frist for høyringsuttale)

Det er fleire planar og prosjekt lagt ut for høyring og offentleg ettersyn på både
 kommunehuset og på kommunen sin nettside www.bygland.kommune.no; ver
 merksam på frist for høyringsuttale:

- Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Bygland kommune (gjeld Sandnes, Åraksbø og Skore)
 - o frist: **10.03.2020**; send e-post til: post@bygland.kommune.no
- Mulighetsstudie for Otra elvepark (sjå egen artikkel);
 - o frist: **01.04.2020**; send e-post til: post@midt-agderfriluft.no
- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2032
 - o frist: **15.04.2020**; merk høyringsuttalar med sak nr. 18/5089 og send dei til post@bygland.kommune.no eller Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland

Gebyrregulativ 2020 for kommunale tenester

www.bygland.kommune.no/innsyn sjå Gebyr og avgifter

Publikumsmottaket på kommunehuset kan skrive ut gebyrregulativet ved behov.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Nytt om namn i kommunen

Ann Cecilie Andersen Attestog har begynt som pedagogisk rådgjevar i kommunen.

Drift og Forvaltning

Trafikktryggleik i Bygland

Bygland kommune har motteke fleire klager frå innbyggjarar om at trafikkskilt ikkje blir respektert enkelte stader, m.a. Prestlidi. Det skjer køyring på gang - og sykkelveggar både med bilar, ATV-ar og andre køyretøy. Det blir også tid om anna parkert på plassar det er skilta parkering forbode. Bygland kommune ber om at trafikkskiltinga blir respektert og minner om at det er særleg omsynet til dei mjuke trafikantane inklusiv borna sin tryggleik som gjer forbodsskilt nødvendig på utvalde stader.

Produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyising ved ferie og fritid - del 1

I 2020 er første søknadsfrist for produksjonstilskot og tilskot til avløyising ved ferie og fritid **15. mars 2020**.

Du kan søke frå og med 1. mars, som er telledatoen. Vi oppmodar deg til å vere tidleg ute med å søke.



Husdyrprodusentar

Søknad om produksjonstilskot i jordbruket har to søknadsfristar i året. I mars er det husdyrprodusentar som kan levere søknad.

Du kan levere søknaden frå og med 1. mars, som er telledato. Søknadsfristen er 15. mars. Du kan endre opplysningar i innlevert søknad i 14 dagar etter at søknadsfristen har gått ut, fram til 29. mars.

Du kan levere søknaden inntil 14 dagar etter søknadsfristen, dvs. fram til og med 29. mars, men tilskotsutbetalinga blir då redusert med 1000 kroner for kvar dag fristen er overskrida.

Kva skal du registrere og søke tilskot for i mars?

I søknaden med søknadsfrist 15. mars, skal du registrere talet på husdyr du disponerer pr. 1. mars. Registreringa du gjer gjev grunnlag for utmåling av husdyrtilskot, tilskot til økologisk husdyrproduksjon, driftstilskot til

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Regelmessige arrangement i Bygland kommune

(delvis med unntak i feriar + høgtider; høyr med arrangøren)

DAG	STAD	TID	ARRANGEMENT
måndagar	Byglandshallen	kl. 15.30	Teppebowls
(i partalsveker)	Årdalshallen	kl. 17.00	KRIK-mini 1-5. klasse
	Årdalshallen	kl. 18.00	Styrketrening (familiar)
	Årdalshallen	kl. 19.00	Fotball for vaksne
annankvar mån	Fredheim Bedehus	kl. 17.00	Barnekor Byglandsfjord 09. + 23.03.
tysdagar	Bygland frivilligsentral	kl. 11-12.45	Praktisk hjelp heime
	Bygland frivilligsentral	kl. 11.00	Gåtur på dagstid/Bygland
	Bibliotek Byglandsfjord	kl. 12-14.15	Bokkafé
	Årdalshallen	kl. 19.00	Volleyball
annankvar tys	Bygland frivilligsentral	kl. 12.00	Tysdagskafé 10. + 24.03.
annankvar tys	Bygland frivilligsentral	kl. 18.00	Bingo 03. + 17.03.
onsdagar	Bygland frivilligsentral	kl. 14-18	Utstyrssentral
	Årdalshallen	kl. 16.30	Barnetrim
	Årdalshallen	kl. 18.00	Styrketrening (damer)
1. ons/månad	Byglandsheimen	kl. 10-14	Handletur til EVJE (04.03.)
ons + fredagar	Symjehallen/Bygland	kl. 17-20	Familiebading
torsdagar	Byglandshallen	kl. 13-15.30	Aktivitetsskafé
	Årdalshallen	kl.19.00	Volleyball
annankvar torsdag	Fredheim bedehus	kl. 19.00	Torsdagsklubben (5. klasse og oppover) 12.+26.03.
normalt 1. og 3.tor	Bygland frivilligsentral	kl.18.00	Strikkekafé 05. + 19.03.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Tømekalender for Bygland kommune – mars 2020

Matavfall og restavfall: veke 11: torsdag 12.03.

Papir og plast: veke 13: tysdag 24.03.

Matavfall og glas/metall: veke 13: torsdag 26.03.

Gjenvinningsstasjonen på **Nesmoen** er open:

2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (11.03.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (28.03.)

Strøsand kan du hente på Nesmoen i arbeidstida.

Syrtveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (14.03.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 7:

Bilete: Framside: Geir Daasvatn, Innhald: Midt-Agder friluftsråd, pixabay.com, Susanne Hegenscheidt, Anne Fauske, bygdekino.com, SVR; Kva skjer: Tor Ånon Kleivane. Tusen takk til alle fotografane!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt Korrektur: Sonja Lien Skjevraak/Jorunn Sørliie Tveiten
Neste utgåve Byglandsnytt: 01. april 2020

Forskjellig

Bygland IL

Bygland Idrettslag har ei ny og veldig flott heimeside: ww.byglandil.com

Sesilåmi 2020 - AVLYST

Med 13 mot 4 stemmer i møte 02.03.2020 har verneområdestyret for Setesdal-Vesthei trekt tilbake løyvet til å gjennomføre Sesilåmi 2020 gjennom verneområdet grunna den vanskelege situasjonen for villreinen i løypeområdet.
Meir info: www.sesilami.no



Sørlandets Litteraturpris 2020

Annemor Sundbø frå Ose vart nominert til Sørlandets Litteraturpris 2020 med boka *Koftearven*. Vi gratulerer! 😊
Du kan stemme på ho fram til **27.03.:** sorlandetslitteraturpris.wordpress.com

mjølkeproduksjon og til spesialisert kjøttfeproduksjon og tilskot til små og mellomstore mjølkebruk. I tillegg blir dyretallet pr. 1. mars tatt med i grunnlag for avløysartilskot og tilskot for grovfôrareal, som har søknadsfrist 15. oktober.

Er du ny søker?

Er du ny søker bør du kontakte kommunen i god tid før søknadsfristen. Du bør blant anna sikre at føretaket er registrert i Landbruksregisteret, som er eit register som viser koplinga mellom eit føretak og ein landbrukseigedom. Landbruksregisteret hentar opplysningar om føretak og verksemd frå Einingsregisteret. Det er eit vilkår for å kunne motta produksjons- og avløysartilskot at føretaket er registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen. Du får ikkje levert søknad om produksjonstilskot med mindre føretaket er registrert i Einingsregisteret.

Om du har spørsmål som gjeld produksjonstilskot eller tilskot til avløyning ved ferie og fritid, ta kontakt med Bygland kommune på 37 93 47 00. Det er vi som rettleiar deg i søknadsprosessen, og som handsamar søknaden din.

Høyring: Mulighetsstudie for Otra elvepark

Midt-Agder friluftsråd har utarbeidd ein moglegheitsstudie for utvikling av friluft- og rekreasjonspotensiale knytt til Otra.



Moglegheitsstudien er ingen plan, men ei kartlegging og ein dokumentasjon av eksisterande og framtidige moglegheiter for friluftsliv og rekreasjon langs Otra mellom Kristiansandsfjorden og Hovden.

Gjennom moglegheitsstudien ønskjer Midt-Agder Friluftsråd å bidra til at friluft- og rekreasjonsalternativa langs Otra kan utviklast til beste for kommunane sine egne innbyggjarar, for tilreisande, turistar, reiseliv og næringsutvikling i kommunane. Når moglegheitsstudien er gjennomført, må det avklarast nærare kven som ev. skal ha ansvaret for å opparbeide og leggje til rette aktuelle areal, anlegg og ferdelsårer. Forholdet til rørte grunneigarar må også bli teke vare på og avklarast. Det same gjeld forholdet til vedteken arealbruk.

For meir informasjon: Midt-Agder friluftsråd: <https://www.midt-agderfriluft.no/> - Sjå frist for høyringsuttale på første side

Nødplakat

Nødplakatet er ein plakat som har all informasjon nødetatane treng for å finne fram når du treng rask hjelp. Skriv han ut og heng han opp til dømes på hytta!

Nødplakaten er utskrift av ein "plakat" som alle kan lage på pc-en sin. Utskrifta inneheld den nøyaktige geografiske posisjonen for den staden du vel å lage nødplakat for. Du finn plakaten på norgeskart.no.

Nødplakaten og nødetatane

Kartverket har utvikla nødplakaten i samarbeid med hovudredningsentralane og nødetatane.

Kartverket har ansvaret for datagrunnlaget, stadnamna, karta og teknologien bak. I ein krisesituasjon der det er nødvendig med akutthjelp frå politi, brannvesen, ambulanse, kan ein nødplakat vere avgjerande for at hjelpa kjem raskt nok fram.

Nødplakat på hytta og heime

Nødetatane opplever ofte at folk som kontaktar dei, ikkje klarer å forklare godt nok kor dei er. Spesielt gjeld det om dei ringer frå ei hytte.

Har du ein nødplakat lett tilgjengeleg på hytta, kan du lett formidle kor redningsmannskapa kan finne deg.

I tillegg til å henge ein nødplakat på **innsida av hytta**, kan du også henge ei utskrift **på utsida**, slik at forbipasserande kan bruke plakaten til å skaffe hjelp. Det kan òg vere lurt å ha ein nødplakat **heime i stova**. Nokre har framleis ikkje vegadresse heime, og fram til dette kjem på plass, er nødplakaten grei å ha.

Folkemøte: Nytt liv i stasjonsområdet på Byglandsfjord

Møte på Gamle Stasjonsbygningen **9. mars** kl. 19.00.
Kom med gode idear og innspel. Velkomen alle!

Økonomi og næring

Eigedomsskatt 2020

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak vert det i 2020 skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett, jf. eigedomsskattelova § 3 c.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Bygdekinoen (bygdekinoen.no) – onsdag 25.03., Bygland kulturscene

Film 1: kl. 17.30 - Fremad

Omtale

I Fremad møter vi to alvebrødre i tenåra, busett i ein forstad til ei fantasiverd. Brørne legg ut på ei heilt spesiell reise saman, for å finne ut om det framleis finns noko magi ute i den store verda. Fremad er ein original animasjonfilm frå Pixar Animation Studios. Filmen er regissert av Dan Scanlon og produsert av Kori Rae, teamet bak Monsteruniversitetet.

Billettpris: 90 kr

Filmfakta

Regi: Dan Scanlon

Språk: norsk; Nasjonalitet: USA; Produksjonsår: 2020

Skodespelarar: Tom Holland, Christ Pratt, Octavia Spencer, Julia Louis-Dreyfus

Sjanger: Eventyr/Animasjon/Familiefilm/Barnefilm; Lengde: 1 t. 42min.

Aldersgrense med grunngjeving: 6 år.



Film 1: kl 19.30 - Torden

Omtale

Ein ung gut døyr på uforklarleg vis i vestlandsbyen Odda – tilsynelatande brunne opp frå innsida. Og når norsk-amerikanaren Eric blir arrestert, mistenkt for drap, startar eit mysterium som vil snu opp ned på både kva vi trur og kva vi veit om verda rundt oss. Under avhøyr oppdagar den nyutdanna psykologen Christine at Eric rår over overnaturlige krefter som han er ute av stand til å kontrollere.

Billettpris: 110 kr.

Filmfakta

Regi: André Øvredal

Språk: norsk; Nasjonalitet: Norge; Produksjonsår: 2020

Skodespelarar: Nat Wolff, Priyanka Bose, Iben Akerlie, Martin Grid Toennesen, Per Frisch, Per Egil Aske

Sjanger: Drama /Fantasy /Spenning; Lengde: 1t. 44min.

Aldersgrense med grunngjeving: 12 år.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Gudstenester og andakter

Gudsteneste

sundag 15.03. kl. 14.00 Sandnes kyrkje, Åraksbø
sundag 29.03. kl. 11.00 Årdal kyrkje, Grendi

Andakt på Byglandsheimen

tysdag, 03.03. kl. 14.00 og tysdag, 31.03. kl. 14.00

Konfirmantundervisning

onsdag 11.03. kl. 14.30 Vonheim bedehus, Bygland
onsdag 18.03. kl. 17.00 Felles undervisning Evje og Hornnes og Bygland –
Hornnes kyrkje
onsdag 25.03. kl. 14.30 Vonheim bedehus, Bygland

Kyrkjekontoret i Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472, Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711,
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173

Bygland Frivilligsentral

I Frivilligsentralen er det plass til alle, enten som besøkjande eller som frivillig. Har du ein idé, er du hjarteleg velkomen til å kontakte dagleg leiar!

KONTAKT: Anne Fauske/Bygland frivilligsentral

tlf.: 945 10 770 - Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no

Utstyrssentralen: tlf.: 945 02 858

Tilbod

- Handletur til Evje
- Bingo
- Besøksven
- Bygdemiddag
- Følgjehjelp (lege/tannlege)
- Tysdagscafé
- Gåtur/Bygland
- Lytteven
- Matombringning
- Person/vare-transport
- Hjelp heime
- Rickshawsyssel
- Strikkekafé
- Utstyrssentral
- Aktivitetskafé
- Gratis leige av møteplass
- Spelekveld



Det vert og skrive ut eigedomsskatt på det som tidlegare var definert som verk og bruk, jf. overgangsreglane til den nye eigedomsskattelova. Med heimel i eigedomsskattelova §15, vert eigedomsskattelista lagt ut til offentleg ettersyn i tre veker frå den 27.02.2020

Skattelista er lagt ut på kommunehuset.

Skatten vert skrive ut med 7 promille av takstsum for dei einskilde skatteobjekta. Klage over fastsett eigedomsskattetakst kan fremmast kvart år i samband med den årlege utskrivninga av eigedomsskatten dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare. Klaga må sendast skriftleg **innan 14. april 2020** til:

Bygland kommune - Eigedomsskattekontoret

Sentrum 18, 4745 Bygland

Oppvekst

Byglandsfjord oppvekstsenter

Utomhusområdet på Byglandsfjord tar form, til glede for ungar og tilsette. I samsvar med det tverrfaglege temaet Berekraftig utvikling, som går igjen i planverket til skule og barnehage, har vi eit grønt fokus.

Barnehagen er i gang med kompetanseheving knytt til språkutvikling og språkstimulering. Dette er eit samarbeid mellom barnehagane i Setesdal og Skrivesenteret ved NTNU.

Barnehagedagen 2020 - tysdag 10.mars 2020

Barnehagane i Bygland har felles markering i Bygland sentrum. Tema i år er ULIKE SAMAN.

Barnehagedagen er ei nasjonal markering av den viktige rolla barnehagen har i utdanningsløpet. Eit av måla med barnehagedagen er å synleggjere barnehagen sitt innhald for nærmiljøet; å auke forståinga for barnehagen sitt innhald og det barna får oppleve, erfare og lære i barnehagen og for det viktige arbeidet vi som tilsette gjer.

Ei av barnehagen sine viktigaste oppgåver er å arbeide for at alle barn skal oppleve å høyre til og å vere inkludert i fellesskapet. Det skal vere rom og plass for alle barn uansett funksjonsnivå, kjønn og sosiale, etniske eller kulturelle bakgrunn.




Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Helse og omsorg

Orientering om koronaviruset

Koronaviruset (SARS- COV-2) spreier seg, og i samband med dette ønskjer kommunelegen å orientere om følgjande:



Oppsøk ikkje legekantoret i Bygland eller legevakt utan avtale (for å skåne andre pasientar og ev. immunsvekka pasientar).

Ved mistenkt smitte, ring til fastlegokantoret eller til legevakta. Det vil då bli gjort ei vurdering, og ved eit antatt smittetilfelle vil legen avgjere korleis prøvetaking skal skje. Det vil ofte vere snakk om heimebesøk. Ver budd på at legen vil bruke smittevernetøy.

Telefonnummer til legevakta - landsdekkande, er **116 117**.

Eit mistenkt smittetilfelle føreligg når ein har akutt luftvegsinfeksjon (hoste, sår hals, kortpusta eller feber) OG i tillegg i løpet av dei siste 2 vekene før plagene starta, oppfyller minst 1 av følgjande kriterium:

- Har vore i område med vedvarande spreieing (Desse landa oppdaterast løpande på Folkehelseinstituttet sine nettsider: Per 26.02.2020: fastlands Kina, Hong Kong, Singapore, Japan, Iran, Sør-Korea, og regionene Lombardia, Piemonte, Emilia-Romagna og Veneto i Italia)
- Område med vedvarande spreieing – oversyn frå Folkehelseinstituttet
- Har vore i kontakt med et koronavirusmitta menneske eller handtert prøvemateriale frå eit koronavirusmitta menneske.

Vis omsyn og varsemd ved besøk til sjukeheim, helsestasjon, kommunale bustader eller hjå personar ivareteke av heimetenesta. Ver budd på at ein i verste fall vil kunne måtte sneu i døra på ein sjukeheim/omsorgsbustad dersom ein har feber eller andre teikn til luftvegssjukdom.

Generelle råd

- unngå å nyse/hoste direkte på andre
- hald god avstand til personar med luftvegsinfeksjonar
- bruk god handhygiene - vask hendene med såpevatn i minst 30 sekund

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

- handdesinfeksjon i 10 sekund kan nyttast dersom ein ikkje har rennande vatn tilgjengeleg
- Bruk eingongstørkle ved hoste, eller host inn armhola.

Råda følgjer det norske folkehelseinstituttet sine retningslinjer.

Temaside om koronavirus – Folkehelseinstituttet: <https://www.fhi.no/sv/smittsomme-sykdommer/corona/>

Risikogrupper:

Dei fleste som blir smitta, vil trulig få luftvegssymptom som vil gå over av seg sjølv, medan nokre vil få alvorligare sjukdom med blant anna lungebetennelse. Med den kunnskapen vi har så langt, ser det ut til at eldre personar (>65 år) og personar med underliggande kronisk sjukdom, har høgast risiko for alvorleg utvikling av 2019-nCoV-infeksjon.

Åsulv Horverak / Smittevernlege

Kultur

Bygland kulturpris 2020

Bygland kommune deler ut kulturpris annankvart år. Kommunen ønskjer skriftlege framlegg til kulturprisen for 2020.



Prisen går til enkeltpersonar eller lag/foreining som på ein særskilt måte har gjort ein innsats for kulturlivet i Bygland. Send ditt framlegg i lukka konvolutt, som du merkar med "**KULTURPRISEN**", til Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland, innan **1. april 2020**.

Framlegga skal handsamast politisk, og ein legg opp til utdeling på 17. mai.

Tilskot til drift av lag og organisasjonar

Dersom du driv kontinuerleg kulturverksemd i form av ein organisasjon, eit lag eller liknande i Bygland kommune kan du søkje om midlar til drift. Kommunen deler ut driftstilskot ei gong i året. Søknadsfristen for i år er **1. mai 2020**.

Søknadane skal handsamast politisk. For å sjå nærare på retningslinene til tilskotet, kan du gå inn på bygland.kommune.no og *Tilskotsordningar*. Søknadsskjema kan du sende elektronisk. Du finn det på kommunen sin nettside under *Skjema A-Å: Kulturmidlar-søknad*.

Ved spørsmål kan du ta kontakt med Kulturleiar Anne Fauske, e-post: anne.fauske@bygland.kommune.no, tlf.: 945 10 770.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117